



Hjørnevåg er den klart største vassbrukaren i Uskedalen. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Under årsmøtet understreka formann Hans Reidar Kjærland sterkt at Uskedal Vassverk ikkje må operera med ein så høg pris på vatnet at det kanskje får Hjørnevåg til å gje opp i Uskedalen og flytta til utlandet. Den framgangsrike fiskematbedrifta på Børneset er den klart største vassbrukaren i bygda og sluker unna 80.000-100.000 kubikkmeter i året.**

Nå arbeider bedrifta med eit tningsopplegg som skal gje mindre vassforbruk og det er inngått avtale mellom vassverket og Hjørnevåg om overgang til vassmålar frå og med dette året.

- Når vi no skal avtala pris med Hjørnevåg må vi nytta sunt vett. Å leggja til grunn den kommunale satsen blir ikkje aktuelt, seier Kjærland.

Han rosa Hjørnevåg fordi bedriften har stilt opp og teke ansvar i situasjonar der vassforsyninga har svikta. I vedtektsforslaget som skal klubbast endeleg på neste årsmøte heiter det at styret til kvar tid skal fastsetja avgifta for alle næringsverksemdar og storforbrukarar av vatn og at det hjå storforbrukarar også kan nyttast vassmålar etter avtale med lutleigaren.

Det som vekte mest diskusjon på årsmøtet var om årsmøtet eller styret skulle fatta vedtak om godtgjersle, men Svein Ove Bråttun fekk ikkje nokon med seg på eit forslag om at årsmøtet skal gjera dette. Det heiter difor i vedtektsforslaget at "styret vel sjølv formann og fastset godtgjersle til formann og styremedlemmer".

Uskedal Vassverk har berre to tilsette – formannen og forretningsføraren (Terje Myklebust) – og lønnskostnadene i fjor var 162.710 kroner. Styremedlemmene får kvar 2.000 kroner.

Kåre Guddal uttala under årsmøtet at lønsutgiftene er låge og at det er "to mann som driv heile vassverket".

Kjærland var av den meining at hvis årsmøtet skulle fastsetja godtgjersla, måtte det også velja formann.

- Timeprisen er like låg som i jordbruket, bemerkja formannen.

Men Kjell Yri sa det slik: - Formannsval og godtgjersle bør vera to forskjellige saker. Det skulle og ha vore ei øvre grense. Styret burde ikkje sitja med bukta og begge endane og sette løna så høgt som dei ynskjer.

Styret fekk fullmakt til å arbeida vidare med lagerprosjektet på Eik. Det skal byggjast eit 40-50 kvadratmeter stort hus i nærleiken av vassinntaket. Der skal det vera lager, kontor og plass for nødstraumaggregat, som må til for at vassverket skal få si endelege godkjenning. Den endelege plasseringa er enno ikkje vald.

Årsmøtet sette ei ramme på 300.000 kroner pluss moms for prosjektet..

Rune Hjørnevåg gjekk ut av styret og vart erstatta av Johannes Feet medan Tor Ove Rød vart attvald. Dei andre i styret er Hans Reidar Kjærland, Thom O. Haugland og Øyvind Sture og det er altså styret som framleis vel formannen.

Uskedal er eitt av tre private vassverk i Kvinnherad og har 370 abonnentar.

Dei som vil verta medlem i laget skyt inn 25.000 kroner for parten sin og betalar desse årsavgiftene: 2.126 kroner for eit våningshus med uthus, 614 kroner for kvar ekstra huslyd hvis det er fleire huslyder, 614 kroner for gardsbruk med under 10 mjølkekueningar og 1.228 kroner for gardsbruk med over 10 mjølkekueningar.

I fjor hadde vassverket eit positivt driftsresultat på 187.274 kroner medan det året før var ein minus på 79.675 kroner.

Av Ola Matti Mathisen



Hans Reidar Kjærland er formann for Uskedal Vassverk. (Foto: Ola Matti Mathisen)